



NHIL

**STRATEGIPLAN FOR
NORDHORDLAND HANDVERK- OG INDUSTRILAG
2007 – 2012**

Vår visjon er :

*Å vera ein løysingsorientert pådrivar for å gjera heile
Nordhordlandsregionen til ein føretrekt plass å bu og arbeida.*

NORDHORDLAND HANDVERK- OG INDUSTRILAG – TIL NYTTE OG GLEDE

www.nhil.no

Innhald

Bakgrunn	side 2
Status	
- Milepælar	side 3
- Strategiplan 2004-08	side 3
- Næringsbildet i 2007	side 4
Strategiplanen 2007-2012	
Innleiing	side 5
1. Medlemsaktivitetar	side 6
2. Kompetanse	side 7
3. Samfunns- og næringsutvikling	side 9
4. Samferdsle/infrastruktur	side 12
5. Samarbeid	side 14

Bakgrunn :

Nordhordland Handverk- og Industrilag (NHIL) har gjennom mange år hatt ein Strategi- og handlingsplan som styringsverktøy for sin aktivitet, siste plan for perioden 2004 - 08.

Strategiplanen skal vera ein retningsindikator på den veg Nordhordland Handverk- og Industrilag ønskjer å gå i perioden 2007 – 2012.

STATUS

NOKRE AV NHILs MILEPÆLAR SOM KAN NEMNAST:

- Etablert i 1972
- Bidradd til etablering av :
 - Mongstadbase AS i 1986
 - Bedriftshelseteneste for Nordhordland
 - Kvalitetssikrings- og Helse, Miljø, Sikkerhet (HMS) system
 - Opplæringskontoret for Nordhordland
- Leiarnettverket ”Tryggare styring”
- Støttespelar for Tiltakskontoret ifm førearbeidet til Nordhordlandsbrua
- Tett samarbeid med skuleverket, utvikling av bl.a TAF ordninga
- Daglig leiar tilsett i 2004
- Forskotteringsløyising for Rv 57 (Espeland – Herland)

Strategiplanen 2004 – 2008 hadde desse hovudtema:

Strategi 1 : Rammevilkår : - Samarbeid næringsliv/kommune
- Best mogleg rammevilkår i regionen

Strategi 2 : Kompetanseheving for næringslivet i regionen

Strategi 3 : Informasjon og marknadsføring
- Nettside til NHIL

Strategi 4 : Miljøtiltak
- HMS – Helse, Miljø og Sikkerhet
- Ivareta medlemme sine faglege, sosiale og økonomiske interesser

Med unntak av ”Rammevilkår”, er punkta betydeleg betra gjennom perioden. Nokre av punkta er ”evigvarande” og vil derfor verta vidareførde i den nye planen.

NÆRINGSBILDET I 2007

Det generelle bildet, både lokalt og nasjonalt, er positivt. Det er eit høgt aktivitetsnivå både på kort og lang sikt, betydelege ordreservar, og dei aller fleste bransjar nyt godt av dette.

Styringsrenta er aukande (frå ca 2,5 % i 2006) og arbeidsløysa er svært låg (under 3%). Dette inneber behov for innflagging av arbeidskraft.

Kampen om kvalifisert arbeidskraft fører til lønnspress.

Lindås kommune er den kommunen i Hordaland i 2006 som har størst vekst i folketallet, Meland har også betydeleg vekst. Dei mindre kommunane slit med folketalsutviklinga.

Hordaland er det fylket i Norge som har størst eksport. Dette skuldast i hovudsak Statoil Mongstad, havbruk og offshoreverksemd.

Det er vedtatt utbygging av Energiverk på Mongstad der kraftvarmeverk med CO2 reinsing inngår. Dette arbeidet starta primo 2007.

Ein betydeleg del av arbeidet med utvikling av reinseteknologi skal skje på Mongstad. I eit internasjonalt bilde kan dette gi store muligheter.

Det pågår no eit arbeid i regi av Hordaland Fylkeskommune – og i samarbeid med bl.a forskingsmiljø i Bergen - for å få maksimal lokal utteljing av investeringane som skal gjerast.

Også tilførsel av naturgass gjennom 12” rør til Mongstad, og eventuelt greinrør til Sløvåg, gir muligheter for utnytting av gass til andre formål/brukarar.

BKK har planar om å byggja kraftverk på Mongstad basert på naturgass og full reinsing av CO2.

På Mongstad Sør føregår det i 2007 ei betydeleg areal- og kaiutbygging.

Alt dette gir grunn til optimisme fram mot minst 2015.

STRATEGIPLAN 2007 – 2012

Innleiing:

Førearbeidet til denne planen er utført av 5 oppnemnde grupper som har utdjupa områda:

1. Medlemsaktivitetar
2. Kompetanse
3. Samfunns- og næringsutvikling
4. Samferdsle/infrastruktur
5. Finansiering

NHIL er ein medlemsorganisasjon som rekrutterer medlemmene primært frå handverk- og industribedrifter i Nordhordland og Gulen.

Av dagens medlemstal på ca 230, utgjer handverks- og industribedrifter ca 50%, den andre halvdelan består av teneste- og servicebedrifter i regionen. NHIL har dei 2 siste åra dobla medlemsmassen.

Strategiplanen skal ivareta medlemmene sine langsiktige interesser.

I mange tilfelle er dei samanfallande også med andre aktørars interesser.

Planen vil gi hovudtema og gjennom ein kort tekst peika på handlingar som må til for å få gjennomført tiltaka.

Det er ein føresetnad at NHIL vert organisert i samsvar med oppgåvene, og at styret og utvala gjennom året legg Strategiplanen til grunn for sitt detaljarbeid. Dette betyr at noverande utval – og eventuelle nye – lagar planar for gjennomføring.

1. STRATEGI – MEDLEMSAKTIVITETAR

Mål :

NHIL skal vera det naturlege førsteval for bedrifter som ønskjer å bidra til å vidareutvikla regionen.

1.1

Det skal skje gjennom vidareutvikling av etablerte aktivitetar som :

- a. Medlemsmøte
- b. Årleg lagstur i oktober (2. kvar gong innanlands/utanlands)
- c. Årsmøte/årsfest i april
- d. Leiarnettverket ”Tryggare styring”
- e. Medlemsinformasjon (via nettside og direkte meldingar)
- f. Næringskonferansen på Mongstad

1.2

For å skapa endå større engasjement, vurdering av bl.a :

- a. Oppnemning av fleire utval. (både faste og prosjektrelaterte)
- b. Temamøte for bransjar.
- c. Få endå fleire medlemsbedrifter med i aktivt lagsarbeid.
- d. Medlemsbedrifter presenterer seg. (erfaringsutveksling)
- e. Parallellforedrag, tilpassa behov/kompetanse.
- f. Framdyrka kombinasjonen fag/sosialt.
- g. Skapande møte. (delaktighet)
- h. Aktivitetar der mange i verksemda kan delta.
- i. Etablerer prisar. (f.eks Småbedriftsprisen, årets etablerar, årets produkt osv)
- j. Nyttar erfarne medlemmer til ymse oppgåver (mot skule, mot etablerarar/som fadder med meir)
- k. Justera våre vedtekter i tråd med utviklinga og behovet.
- l. Framstå som ein aktiv aktør i media.

2. STRATEGI –KOMPETANSE

Mål : Bedriftene i regionen skal vera så attraktive, at dei gjennom nyrekruttering og vedvarande kompetanseheving blant tilsette, gir kompetansevekst både for den enkelte, bedrifta og regionen.

2.1

Regionen har i dag eit fortrinn i god kompetanse innan yrkesfag.

Derimot er det begrensa yrkestilbod for andre kategoriar, f.eks akademikarar og ingeniørmiljø.

Ein god og breid kompetanse er ein føresetnad for både etablering og utvikling av næringsverksemd.

2.2

I arbeidet med kompetanse må vi påverka bedriftene til:

- å styrkja og utvikla leiarkompetanse og utvikla kultur for dette
- å systematisera noverande kompetanse i bedrifta
- å etablere planar for den enkelte og bedrifta sitt framtidige kompetansebehov.

2.3

Vi skal påverka – og bidra - til :

- a. At informasjon om næringslivet blir gitt i:
 - barnetrinnet (bedriftsbesøk)
 - ungdomstrinnet (gjennom ”Rådgjevarlaget”, bedriftsbesøk, utplassering/Programfag til val, Utdanningsmessa, TAF ordninga og ”bedriftsetablering”)
 - vidaregåande skule (utplassering/prosjekt til fordjuping, bedriftsbesøk)
 - studentar (Romjulstreff, halda kontakten med uteverande samt presentasjon/marknadsføring på universitet/høgskular)
- b. Behovet for etterutdanning – blant anna innan leiing og andre fagområde – må i størst mogleg grad løysast innan regionen. Interaktive løysingar må prioriterast.

- c. Samordning av kurstilbod – og samarbeid mellom bedrifter - er vesentleg for å lykkast.
(Hydraulikk-tilbodet - vår 2007 - er eit eksempel på dette.)
- d. Opplæringskontoret for Nordhordland - som NHIL tok initiativ til – ser vi gjerne utvikla vidare, både i breidde og i fagområde, i talet på læreplassar og som kurstilbydar, spesielt til dei mindre/mellomstore bedriftene.
- e. Nordhordland har i dag ei overvekt av mekanisk- og prosessrelaterte arbeidsplassar.
Planmessig arbeid mot eit større mangfald er ønskjeleg.
Dette vil også tilføra regionen eit breiare kompetansegrunnlag.
- f. Regionen er eit energisenter, både vass- og oljebasert.
Det nye energiverket på Mongstad (EVM) og BKK sine etableringsplanar tilseier at vi må ha fokus på relevant kompetansebehov slik at Mongstad vert vidareutvikla som eit kompetansesenter innan prosess-, energi- og reinseteknologi.
- g. Vi skal – i tett dialog med Knarvik vidaregåande skule og Austrheim vidaregåande skule - bidra til eit godt læremiljø og aktuelle faglinjer.
Dette krev jamlege kontaktmøte mellom bedrifter og lærarar.
- h. Vi ønskjer i planperioden å intensivera samarbeidet med ungdomsskuletrinnet samt å styrkja utveksling av informasjon til lærarar.
- i. Det må etablerast ei samla oversikt over utstyr som skulane treng, anten gjennom avhending av brukt utstyr eller sponing av nytt utstyr.
- j. Vi skal – i dialog med høgskulemiljø/Universitet arbeida for at studentane gjennomfører praksisperiode/oppgåver i bedriftene.
- k. Det må oppfordrast til at elevar vel utdanning som gir mulighet til jobb lokalt. Ein ”beste elev” pris kan vera eit verkemiddel.
Utvikling av ”treffstader” og jobbmesser er viktige arenaer.
- l. NHIL må bidra til kartlegging av kompetansebehov i regionen og gjera det tydeleg at bedriftene må handla planmessig/langsiktig.

3.

STRATEGI – SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING

Mål : Regionen skal vera ein føretrekt stad å bu for alle.

Vi skal sørgja for at både noverande og nye bedrifter finn Nordhordland som beste stad å ha sitt virke.

3.1

NHIL ser tydelege trekk i den lokale utvikling:

Mongstadregionen vert forsterka som ”hovudsete” for industri- og logistikkverksemdar.

Knarvik vert vidareutvikla som regionsenter, og ei betydeleg bustad- utbygging vert gjennomført sør i Lindås og Meland.

Dette vil også verta forsterka i planperioden.

3.2

NHIL meiner at kommunane ikke er i forkant av utviklinga. Dette gir utfordringar. NHIL må aktivt bidra til å endra dette.

3.3

Ei god samfunnsutvikling gir også gode vilkår for næringsutvikling.

Derfor er samspelet i regionen avgjerande for suksess.

Med 8 kommunar og betydelege forskjellar med tanke på storleik og utfordringar, er det avgjerande at regionen vert sett på som eitt bu- og arbeidsområde.

3.4

Med den utvikling som vil skje på Mongstad og i regionen dei kommande 10 år, er Nordhordland og Gulen dei område på Vestlandet som får størst industriell utvikling.

NHIL skal vera aktiv i denne utviklingsprosessen.

Næringskonferansen på Mongstad skal aktivt brukast i dette arbeidet.

NHIL skal vera ein pådrivar for :

a -Arealplanlegging

Vi vil arbeida for at arealplanar (bustad og næring) vert sett i regional samanheng og ikkje berre på kommunenivå. Det må vera tilstrekkeleg avstand mellom busetnad og næringsverksemd, slik at eventuelle konflikter vert unngått.

Tilgang til sjø må sikrast både for næring og andre i samfunnet.

Ei positiv utvikling av heile Mongstad og områda i sør er avgjerande for vekst. Derfor må NHIL engasjera seg sterkt i dette.

b - Analyse

Vi vil arbeida for ein ”Mulighetsanalyse” for kartlegging av regionen sine utfordringar, basert på tilgjengelege data.

Dette skal danna grunnlag for dialog med politiske miljø.

c - Næringsarbeid

Vi er eitt bu- og arbeidsområde. Ein må difor arbeida mot ein felles næringsplan for heile regionen. Dette inneber at kommunane ikkje sjølv utarbeider eigne næringsplanar, men bidrar aktivt i felles plan.

Eit forslag kan vera å reetablere Nordhordland Tiltakskontor slik at regionen får eit slagkraftig verktøy. Ein annan modell kan vera å etablere selskap tilsvarende ”Gode sirklar AS”.

Kommunane bør ha ein ”handlingsregel” som utviklar eit betydeleg næringsfond. Dette fondet bør vera felles for regionen.

d - Grundermiljø

Nordhordland og Gulen må setja seg mål på utvikling og tilrettelegging av grundermiljø.

Det må tilretteleggjast for etablering av slike miljø gjennom støtte i start- og vekstfasen. ”Fadderskap” kan vera ei hjelp i dette arbeidet.

Tilrettelegging av arbeidet kan vurderast splitta i 2 kategoriar :

- a. Eit opplegg for 1-2 manns foretak
- b. Eit opplegg for større verksemdar.

NHIL meiner det må etablerast heildøgnsbarnehagar slik at forventna endringar i arbeidstidsordningar vert lette å tilpassa.
Full barnehagedekning må vera ein føresetnad.

f - Bumiljø

I tillegg til barnehagedekning, må skuletilbodet vera godt.
Kultur-/fritidstilboda må vidareutviklast.

g - Rammevilkår

Forutsigbarhet må framdyrkast. Utan eit aktivt og velfungerande næringsliv fungerer ikke samfunnet.
Derfor er betring av rammevilkåra viktig.

h - Samfunnsansvar

Vidareføring av tenlege forskotteringsløyningar for samferdsle skal vi bidra med, også andre offentlege oppgåver vil vi vurderer å bidra til gjennom medlemmene.

Med samfunnsansvar tenkjer ein og bistand ifm yrkesrettlegg.
Eit banebrytande samarbeid med NAV bør utreiast nærmare.

Vi skal gi til kjenne synspunkt på sentrale spørsmål for fellesskapet.

i - Byggjefelt

For å styrkja grunnlaget for busetnad i ytre deler av regionen, må økonomiske samfunnstiltak setjast inn slik at etableringskostnaden vert i samsvar med marknadsprisen på staden.

j - Vidareutvikla konseptet "KVA NO?"

Etter nedbetalt Nordhordlandsbru pr 31.12.05 har trafikken auka ca 20 % i 2006. Dette, sammen med vekst i folketalet i sør, krev at kommunane ikkje kjem i etterkant med tanke på infrastruktur og planlegging.

Vi ønskjer gjennom dialog med lokale politiske grupper å påverka dette.

NHIL vil derfor følgja opp med "KVA NO?" møte om aktuelle tema.

4.

STRATEGI – SAMFERDSLE OG INFRASTRUKTUR

Mål : Vi skal ha så gode kommunikasjonar i regionen og i tilstøytande regionar at dette ikkje lenger vert hovudtema.

4.1

Gjennom NHIL sitt initiativ til – og løysinga – for forskottering av parsellen Espeland – Herland på Rv 57 med totalt 70 Mkr, har vi vist at vi både vil og kan. Vi skal vurdera fleire slike prosjekt.

I finansiering av større prosjekt som ein ønskjer løysa raskt, må vi – om nødvendig - akseptera bompengar/forskotteringsløysingar for å få dette gjennomført.

4.2

NHIL skal vera ein pådrivar ved å:

- a. arbeida for realisering av dei tre fasane i Nordhordlandspakken :
 - Fase 1. Nye vegar på Radøy, i Meland og Lindås, bl.a rundkøyringar i Knarvik
 - Fase 2. Nyborgtunnelen
 - Fase 3. Tverrsamband til Askøy samt samband austover via Modalen.
- b. aktivt bistå i arbeidet for snarleg realisering av Nyborgtunnelen.
- c. arbeida for gode/konkurransedyktige kollektive løysingar, bl.a betre rutetilbod til/frå Flesland og Bergen.
- d. arbeida for at ferjesambanda vert gratis til Fedje, over Fensfjorden og i Masfjorden, samt ny trase over Fensfjorden.
- e. arbeida for å få ein ferjefri Kyststamveg frå Egersund til Ålesund.
- f. arbeida for samhandling i Bergensregionen. (8-10 mil frå Bergen sentrum)
- g. arbeida med avklaring av Mongstad/Fensfjorden som Stor-hamn for Bergen.

- h. arbeida for ein hurtigbåtterminal på Vardetangen og kollektiv transport gjennom Nyborgtunnelen til/frå Bergen. NHIL ser det som uakseptabelt ut frå miljø- og økonomiske omsyn å fortsetja/ vidareutvikla dagens trafikk.
- i. arbeida for større statlege løyvingar til samferdsle i regionen i sett i lys av den nye utbygginga med Energiverket på Mongstad.
- j. gjennom arealplanlegginga påverka at nødvendig vegutbygging og kapasitet er i forkant av utviklinga.
- k. arbeida aktivt for 100% dekning i heile regionen via mobiltelefonnettet og breidband.

5. **STRATEGI – SAMARBEID**

Mål : Vi skal gjennom samarbeid og alliansar med andre sørge for at vi når flest mogleg av våre mål.

5.1

Vi skal vera ein løysingsorientert pådrivar:

- a. Samarbeida på tvers av grenselinjer, alliansebygging er ei flaggsak mot det politiske miljø, mot organisasjonar og mot/mellom bedrifter.
- b. Etablera eit Næringsforum med Lindås kommune.
- c. Gjennomføra 2 gonger pr år møte (KVA NO?) med dei politiske lag i regionen.
Møte med den enkelte kommune vert gjennomført frå sak til sak.
- d. Gjennom Regionrådet ta opp saker som vi meiner er viktige for regionen.
- e. Vidareutvikla samarbeidet med Høgskulen i Bergen og andre høgare utdanningsinstitusjonar, bl.a UiB, NHH, BI.
- f. Bruka Hordaland Olje og Gass (HOG) aktivt.
- g. Vidareutvikla samarbeidet med Bergen Næringsråd og andre regionale næringsfora.
- h. Vidareutvikla samarbeidet endå betre med dei vidaregåande skulane/andre - tilpassa lokale behov.
TAF ordninga må også vidareutviklast.
- i. I allianse med Fylkeskommunane påverka til sterkare satsing i regionen.
- j. NHIL ser store fordelar og muligheter ved endra kommunestruktur.
Som ei mulighet på kort sikt, ønsker vi å påverka kommunane i regionen til forpliktande samarbeid om arbeidsoppgåver av felles karakter.
- k. vera representert i aktuelle utval.